



# ***Surnadal Idrettslag***

***Postboks 1  
6656 Surnadal***

## **Referat frå styremøte i Surnadal IL**

Tid: Mandag 13. juni 2016 kl. 19.00-20.30.  
Neste møte: 15. august 2016.  
Stad: Syltøran  
Referent: Øystein Hjelle Bondhus

Til stades: Ola Mogstad  
Erling Fiske  
Svein Dalen  
Arne Øie  
Ole Sæterbø  
Einar Bergheim  
Stian Faksnes  
Øystein Hjelle Bondhus

Forfall: Vidar Ulvestad

### **Sakliste:**

#### **Sak 16/16 Godkjenning av referat frå styremøtet 25. april**

Styremøteprotokollar vert publisert her:  
<http://surnadalil.no/styreprotokoller.5746368-349887.html>

#### **Sak 17/16 Organisering av SIL Allidrett**

- Innspel frå arbeidsutvalet og SIL Allidrett

Innstilling til styret er at Dykking og Frisbeegolf vert organisert under SIL Allidrett.

- Øystein sett opp ein turnus for kven som fungerer som ambulerande leiar.

- Øystein lagar møteplan med fire møter med fastsette datoar. Eitt per kvartal. Prøveperiode på eitt år, til og med neste haust. 14 dagar før møtedatoen sender Øystein e-post til dei og spør om nokon har saker. Øystein kallar inn og sett varighet. Møteleiar er ambulerande leiar. Han/ho skal representere SIL Allidrett på hovudstyremøte og rapportere tilbake til allidrettsgruppa.

- Øystein fungerer som sekretær og skriv møtereferat. Øystein skal ikkje leie møtet.

- Ola blir med på det første møtet



# **Surnadal Idrettslag**

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

- Vedtak:**
1. Dykking og frisbeegolf vert organisert under SIL Allidrett.
  2. SIL Allidrett har ein ambulerande leiar, med rulling etter kvart hovudstyremøte. Den til ein kvar tid sittande leiaren fungerer som møteleiar, og ansvarleg for å rapportere til Allidrett-styret.
  3. Dagleg leiar er sekretær på SIL Allidrett sine styremøter, og kallar inn til møtene.

## **Sak 18/16 Fordeling av halltider**

Tildelinga frå kommunen er så godt som lik som i fjor.

Våren 2017 sender vi inn eit ønskje om korleis prosessen skal vere. Jfr. tildeling av symjehalltid og Søya-tidene som dei ikkje brukar.

Øystein ringer Søya for å avtale bruken av deira tider.

### **Tildeling:**

- Langrenn, alpint og friidrett deler på tida måndag 18.00-19.30, som tidlegare år, medan Innebandy og Volleyball får henholdsvis tysdag 21.00 og søndag 20.30.

Fotball og handball fordeler resten seg i mellom.

For tildeling i andre lokaler enn Surnadal Idrettshall, sjå vedlegg frå Surnadal kommune.

### **Merknad:**

- Det er viktig at gruppene som ikkje bruker tidene dei har fått tildelt melder frå til hallvaktene. Dersom det er ei gruppe som på permanent basis ikkje treng tid dei har fått tildelt, skal det og meldast frå til Øystein, slik at andre SIL-grupper kan få bruke tida.

## **Sak 19/16 Vervekampanjar**

- Grasrotgjevarar og medlemskontingent.

Styret ønskjer å få tak i fleire grasrotgjevarar og fleire medlemmer.

Forslag til tiltak:

- Vi henger opp plakatar
- Billettar/program.
- Vi leverer ut vervelappar og -plakatar.
- Øystein lagar materiell til verving under laksefestivalen torsdag 16.6. Arbeidsutvalet står på stand for å verve.



# **Surnadal Idrettslag**

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

Når det gjeld medlemskontingent har 346 betalt så langt. Om lag 800 har fått faktura på E-post, dei resterande ca 500 får denne veka.

Pakkedugnad: tysdag klokka 16.00 på Syltøran. Purring sendast ut til alle rundt månadsskiftet juni/juli.

## **Sak 20/16 Orienteringssaker**

### **- Tildeling av kulturmidlar og spelemidlar v/Øystein og Svein**

Vi har fått tildelt kr 92.400,- i kulturmidlar av ein totalpott på 150.000,-.

I fjor fekk vi, etter å ha klaga på talgrunnlaget, kr. 99.000,- av ein totalpott på 250.000,-. ØSIL, Hjelmen Skyttarlag og Bæverdalen pistolklubb søkte ikkje innan fristen i år, så det kan komme klagar. ØSIL varsla dette på Idrettsrådet sitt årsmøte.

Vi har ikkje fått tildelt spelemidlar på lyanlegget ved Amfi Park i 2016. Kun Øye stadion er tildelt spelemidlar av anlegga i Surnadal kommune.

Øystein sender Smørehall-faktura til langrennsgruppa vidare til Svein, som følgjer opp saka overfor kommunen.

Når det gjeld søknaden i Sæterlia sender Svein inn denne i løpet av hausten. Tala som skal med er så godt som klare.

Svein og Einar opprettar ny dialog med kommunen rundt bygginga av lagerbygg på Øye stadion. Dette er planer SIL ønskjer å sette trykk på å få realisert.

### **- Visjon- og målarbeid v/Øystein**

Vidar har ansvaret for prosessen vidare.  
Invitere Geir Moholt i slutten av august.  
Kanskje skal vi samle til allmøter, til dømes på kulturhuset, for å få innspel.

Vi spør idrettskretsen til råds når det gjeld korleis vi skal gjennomføre ein slik prosess. Vi ønskjer ein open og inkluderande prosess som endar med at vi kjem ut med ein konkret visjon og konkrete mål for Surnadal Idrettslag.

### **- Status kriterier for fastsetjing av fordelingsnøkkel v/Ole**

Komiteen har hatt to møter. Ikkje heilt i mål, men godt i gong. Har forhåpningar om å bli ferdig på neste møte. Ser på ein samanheng mellom medlemstala på ulike gruppene og kostnader for å tilrettelegge for aktivitet hovudsakeleg for barn og unge.



# ***Surnadal Idrettslag***

***Postboks 1  
6656 Surnadal***

Komiteen legg fram sitt forslag seinast på oktobermøtet.

## **Sak 21/16 Status i gruppene**

### **Frå handballgruppa:**

- Vi har meldt på nyoppretta herrelag.
- Den årlege basaren vert flytta fram til mars, for å ha loddsalet i handballsosongen.
- 6. og 7. august arrangerer handballgruppa sin årlege veldedighetscup.
- Region Midt- og Region Nord har slått seg saman, og vi høyrer no til Region Nord.
- Dersom nokon veit at dei skal arrangere noko i idrettshallen i haust/neste vår må datoane rapporterast inn så snart som råd.
- Innkjøp av oppvaskmaskin i Surnadal Idrettshall:

Handballgruppa og Barneidretten finn ei løysing når det gjeld oppvaskmaskin i idrettshallen.

### **Frå langrennsgruppa:**

- Vi har søkt om å få arrangere avslutningshelga i ST-cup, og starta fellestreningane.

### **Frå alpingruppa:**

- Vi har planlagt Juvass-tur, og starar opp med treningar etter haustferien.

### **Frå fotballgruppa:**

- Vi arrangerer Dråkong Cup og SILregn Cup helga 17./18. juni og BankAkademiet Fotballskule veka etter.

- I tillegg har vi fokus på innspurten av billetteriet, som vert avslutta med trekning søndag 26.6.